



**HØGSKULEN I VOLDA**

Volda University College

## Nyhendebrev nr. 27, 18. august 2022

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [johann.roppen@hivolda.no](mailto:johann.roppen@hivolda.no).

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



### Hybelgaranti i Volda: Framleis ledige hyblar

[Studentsamskipnaden Sivolda](#) melder om at det er nokre ledige hyblar i Volda - også i lågaste prisklasse der månadsleiga for ein hybel er kr 3.650,-. For dei som ønsker seg leilegheit frå Sivolda er det venteliste, så det er ikkje fullt så sikkert. [På Finn.no er det no ved studiestart 15 bustader til leige i Volda](#), og på [Hybel.no er det 38 ledige bustader til leige i Volda kommune](#). Nokre av bustadene er på både Finn.no og Hybel.no. Det er mest rom i bufellesskap og einskildhyblar til leige, og for dei billegaste er månadsleiga under kr 3.000,-

**LES MEIR**



### Biblioteket går til filmen - har fått kanal på Youtube

Biblioteket ved Høgskulen i Volda har år etter år fått rosande omtale frå både studentar og tilsette, og no hausten 2022 ønsker biblioteket å nå fram til studentar og tilsette gjennom egne filmar. Som dei har lagt ut på sin eigen Youtube-kanal. Biblioteket oppmodar fagtilsette om å kople til filmene i dei faglege Canvas-roma. [Her er biblioteket sin kanal på Youtube](#). [Og her er ein av filmene på Youtube-kanalen med informasjon om kvar biblioteket er - og kva tenester dei tilbyr.](#)

**LES MEIR**



## Sval og kul opning 2022-2023

Endeleg kunne Høgskulen i Volda vise seg fram frå si beste side på opningsmarkeringa av studieåret 2022-2023, tysdag 16. august. Studentband, helsingar, prisutdeling og Faddervekestart med videoinnslag på storskjerm. Og mange tilreisande gjestar som kosa seg i lag med studentar og tilsette. Slik vil vi ha det!

[LES MEIR](#)



## Rektorbloggen: Opningshelsing - og: Kven blir ny rektor?

Les velkomsthelsinga til nye studentar i rektorbloggen. [Den kan også lesast på engelsk.](#) Også i rektorbloggen: Kven blir valt til ny rektor på Høgskulen i Volda seinare i haust?

[LES MEIR](#)

Studium og studentliv



### **Takk! Til alle som bidrog på opning av studieåret - og i studiestarten**

Svært mange har kome med gode ord til høgskulen etter opningshøgtida for studieåret 2022-2023. Takken og rosen blir med dette formidla vidare til alle som har vore involverte! Det er fantastisk kjekt at vår eigne studentar har stilt opp og verkeleg levert: Drivande dyktige musikarar, profesjonell programleiar, fine videoar, kosteleg opningstalar, god helsing frå Studentparlamentet og verdig vinnar av studentprisen - men ikkje minst: Entusiastiske fadderar som verkeleg piska opp stemninga! Slik vil vi ha det kvart år! Svært mange tilsette gjer også ein god og ekstra innsats no i starten av studieåret og eg håper og ønsker at alle får det bra no ved starten av eit koronafritt år ved Høgskulen i Volda!

*Helsing rektor Johann Roppen.*

### **Menyen i kantina komande veke**

Måndag: Vegetarballar med fløtesaus og potetmos 14,90,- pr hg

Tysdag: Løvbiff med bearnaise og potetmos 14.90,- pr hg

Onsdag: Lasagne med salat og brød 14,90,- per hg

Torsdag: Potetball med tilbehør 14,90,- per hg

Fredag: Tacobuffet 14,90,- per hg

### **Opptaket: Over 3.000 nye studentar på Høgskulen i Volda**

Ved studiestart 2022 var det 3.182 nye studentar som hadde sagt ja til studieplass ved Høgskulen i Volda. Det er ca. 2,5 prosent færre enn ved studiestart i 2021. Dei første dagane i studieåret er det framleis studentar som både bestemmer seg og ombestemmer seg, så talet på studentar varierer frå dag til dag. Når vi kjem til 1. september vert opptaket låst så etter det veit vi kor mange studentar det er ved Høgskulen i Volda hausten 2022. I fjor var det ca. 4.700 studentar ved Høgskulen i Volda.

### **Opptaket: Fleire svarar ja ved Høgskulen i Volda**

Både på bachelorutdanningane og på masterutdanningane er det i 2022 klart fleire studentar som tek i mot studieplassen ved Høgskulen i Volda samanlikna med i 2021. Knapt 2/3 av studentane som har fått tilbod om studieplass har teke i mot plassen. Samla sett er det ca. 5 prosentpoeng fleire ja-svar enn i 2021. Dette kan tyde på at studentane er sikrare på valet av Volda i 2022 enn i fjor. Men først når vi ser kva studentar som faktisk har møtt opp til studia ser vi kva som er resultatet av opptaket.

### **Her er programmet for Fadderveka**

Programmet for Fadderveka i Volda 2022 vart offentleggjort onsdag 10. august. Du finn programmet på nettsida til Fadderveka: [www.fadderveka.no](http://www.fadderveka.no). På programmet står både musikk på Rokken med kjende artistar, det tradisjonsrike rebusløpet, landskamp i volleyball - og også Faddergudsteneste.

### **Studiestart: Velferdsgruppa kjem på besøk - ting avtale på "Omsorgsturneen"**

Velferdsgruppa ønsker å besøke alle nye studentgrupper, altså førsteårsstudentar, og ber om å få bruke 15 minutt av ei undervisningsøkt i løpet av veke 36-41. På denne korte økta vil representantar frå Velferdsgruppa presenterer tilbodet til Høgskulen i Volda med studierettleiar og tilrettelegging, Studentsamskipnaden med studentrådgjevar og psykologteneste, helsestasjonen for studentar, biblioteket sine tilbod til hjelpt i oppgåveskriving m.m., samtaletilbod med studenthumanist og studentprest, samt Studentparlamentet og deira viktige stemme inn i velferdstilbodet. Prorektor sende 15. juni e-post til alle HVO med tittel "Studiestart - informasjon". Der er det lenke til skjema for bestilling av besøk frå velferdsgruppa.

### **Bli kjent med Volda: Interaktivt kart**

I Volda kan du gå til "alt". [På nettsidene til Høgskulen i Volda finn du eit interaktivt kart](#) som syner kvar du kan gå for å finne små og store skattar og smykke i StudiebygdA.

# Fag og forskning

## Høgskulen i Volda skal rettleie nyutdanna lærarar

Høgskulen i Volda har fått kr 750.000 frå utdanningsdirektoratet for å støtte opp om arbeidet med rettleiing av nyutdanna lærarar i barnehage og skule. Utdanningsdirektoratet ønsker at midlane skal brukast til å drive informasjons- og motivasjonsarbeid retta mot avgangsstudentar, barnehagar og skular i dialog med eigarane og statsforvaltaren. Ei hovudoppgåve er å opprette og ivareta arenaer der rettleiarar og nyutdanna kan møtast for rettleiing og fagleg utvikling saman med fagtilsette frå Høgskulen i Volda.

## Kurs i Design thinking på Skaparhuset i Ulsteinvik - påmeldingsfrist 1. september

Vår partner Skaparhuset arrangerer kurs i Design thinking i form av tre ettermiddagssamlingar på Skaparhuset i Ulsteinvik i september og oktober. Det er også høve til å melde seg på eit lunsjmøte 24. august for å få meir informasjon om kurset. [Les meir om kurset, meld deg på lunsjmøtet og meld deg på kurset på nettsida til Skaparhuset.](#)

## 10 år med Fjordkonferansen: Les kronikk i Nett.no

Marte Fanneløb Giskeødegård, NTNU i Ålesund, har skrivt ein kronikk i Nett.no om 10 år med [Fjordkonferansen](#). Lokale arener er verdifulle for forskarar i regionen, skriv Fanneløb Giskeødegård. [Les kronikken her](#). Fjordkonferansen er årvisst og blir arrangert i midten av juni. [I 2022 vart konferansen arrangert 16.-17. juni på Hotel Alexandra i Loen, med NTNU i Ålesund som arrangør](#). I 2023 er det Høgskulen i Volda som har ansvaret for å arrangere konferansen, og vert truleg arrangert i Loen nok ein gong. Lokale kontaktpersonar for Fjordkonferansen er [førstelektor Lars Julius Halvorsen](#), AMF, og [professor Finn Ove Båtevik](#), ASH.

## Nettverk for kvinner innan forskning ved HVO

Høgskulen i Volda har fått midlar frå Forskingsrådet til prosjektet Kvinneløftet, og eitt av tiltaka er å etablere eit nettverk for kvinner innan forskning ved Høgskulen i Volda. Nettverket er ope for alle kvinnelege fagtilsette ved HVO. [Her er meir informasjon om Kvinnenettverket.](#)

## Læringsverkstaden kartlegg "Digitale ressursar" på HVO

[Sindre Slettedal Sandbakk](#) har vorte tilsett som leiar for [Læringsverkstaden](#). I samarbeid med personvernombod [Cecilie Røeggen](#) ønsker han no å få oversyn over alle "Digitale ressursar" (dataprogram, digitale tenester mv.) som vert nytta i undervisninga på Høgskulen i Volda, og alle

tilsette har fått e-post om dette. Vi er pålagt av Datatilsynet å ha eit slikt oversyn. Oversynet skal også nyttast til å ta i vare personvernet ved å inngå databehandlaravtalar med aktuelle selskap, men også til å få oversyn over kva som kan vere aktuelt å kjøpe inn på fellesnivået, til dømes om fleire einingar brukar same digitale ressurs. [På denne lenka kan ein svare på undersøkinga.](#)

## Styre og stell

### Hans Strøm-prosjektet: "Lillestrøm" blir stengt - gjerde kjem

No startar arbeidet med å pusse opp Hans Strøm-huset, og det første som skjer er at dørene mellom Sivert Aarflot-huset og Ivar Aasen-huset blir stengt - blant anna gangen "Lillestrøm". Seinare vil det kome opp byggegjerde rundt Hans Strøm-huset og det blir bygd ein brakkerigg på sørsida av Lillestrøm. Slik blir det i over eit år framover. Og det vil heilt sikkert kome mange andre justeringar og endringar undervegs i byggetida.

### Strøm-huset: 100 amfistolar lagt ut på Finn.no - tilbodsfrist i dag!

Hans Strøm-huset skal pussast opp og byggast om, og delar av inventaret er til sals. Blant anna er 100 stolar som står i klasserom i huset [lagt ut til sals på Finn.no](#) under overskrifta "Flotte atriumsstoler". Stolane er i modular på 3, 4 og 8 pr rad. Det er råd å kome med bod på stolane, og minsteprisen er - 1,- pr modul (inkl mva). Men du må vere snar: Fristen for å kome med tilbud går ut i dag, 18. august! Det er konsulentfirmaet Resirqel som står bak ombyggingssalet, og i tillegg til stolane er det også lagt ut [dører](#), [vindauge](#), [metallrister](#), [stål plateprofilar \(i gull\)](#)

[Les meir i Sunnmørsposten \(+sak\).](#)

### Strøm-huset: Politi og brannvern skal bryte opp 80 dører (øving!)

Politi og brannvern skal dei komande vekene øve seg på å bryte opp låste dører i Hans Strøm-huset. I alt er det 80 kontordører som snart går ein ublid lagnad i møte med ordensvern og brannvern. [Les meir i Sunnmørsposten \(+sak\).](#)

## Liv og rør(sl)e

## Høgskulefotballen startar opp att – trening kvar torsdag kl 15.00

I dag torsdag 18. august vert den første fotballtreninga i haust arrangert. Det skjer i ballbingen ved Ungdomsskulen klokka 15.00. Alle er velkomne. [Alf Roger Djupvik](#), ASH, er manager, materialforvaltar og kontaktperson. Etter 1. september vert idrettsbygget igjen tilgjengeleg for fotballtrening og då vil treningane bli flytta innandørs.

## Planar om å etablere bedriftsidrettslag på Høgskulen i Volda - skipingsmøte 7. september

Ei gruppe av idrettsinteresserte ved Høgskulen i Volda har teke initiativ til å etablere eit bedriftsidrettslag på Høgskulen i Volda. Interimsstyret er samansett av [Eivind Patrick Hanevik](#), AHL, [Natalie Donohue](#), AHL, og [Johann Roppen](#). Alle interesserte vert inviterte til å vere med på eit skipingsmøte 7. september i SAA 229, kl. 14.30.

## Parkrun i Volda: Prøveløp laurdag 20. august - start frå Årneset

[Natalie Donohue](#), AHL, har teke initiativet til å starte "Parkrun" i Volda. [Parkrun er eit internasjonalt samarbeid om lågterskel springing](#), men det må skje på laurdag morgon. I Volda blir det start klokka 09.30. Vidare skal det vere ei kjent og fast løype på ca. 5 km, og det skal vere tydelege ansvarlege for løpet. Og tilgang på hjartestartar. Donohue har fått god respons på planane og fortel at start blir på Årneset. Løpet er gratis for alle. [Det er førebels Parkrun berre 7 stader i Noreg](#). Det blir prøveløp laurdag 20. august, kl 9.30. Dette for å oppmuntre fleire frivillige til å hjelpe til med løpet kvar veke. [Finn meir informasjon på Facebook](#).

## "Stikkut-bedrift": 49 aktive turgåarar på Høgskulen i Volda

Til no i 2022 er det 68 HVO-tilsette som har registrert seg på Stikkut bedrift - og 49 av dei har faktisk gått turar og registrert dei på Stikk-ut. På lista over flest turar er det kvinner i administrasjonen som dominerer. Flest turmål og registreringar er det [Ann Karete Breivik](#) som står for, med 88 turmål og heile 325 registreringar i 2022-sesongen. Arbeidsmiljøutvalet ved Høgskulen i Volda oppmodar tilsette til å vere med på Stikkut, og vil trekke premiar blant tilsette som deltek. Alle tilsette har fått e-post med informasjon og lenker til påmelding frå [Solbjørg Nossen Leite](#). Dei som ikkje har vore med på Stikkut tidlegare må registrere seg på [www.stikkut.no](http://www.stikkut.no) før dei kan knyte seg til HVO på Stikkut-bedrift.

# Utlysingar og fristar: Utdanning, forskingsmidlar og forskingsaktivitetar:

## **Forskningsleiarprogram hausten 2022 – påmeldingsfrist 26. august 2022**

Som eit ledd i å styrke HVO sine faglege miljø inviterer forskingsadministrasjonen hausten 2022 interesserte til å delta på eit internt forskningsleiarprogram. Programmet er særleg relevant for forskingsgruppeleiarar og for dei som seinare kan tenke seg å leie større forskingsprosjekt og/eller forskingsgrupper. Samlingane hausten 2022 vert 28.-29. september og 21.-22. november på Hotel Alexandra, Loen. [Meir informasjon om programmet og påmelding finn du her.](#)

## **Høgskulepedagogiske emne: Framleis ledige plassar – søknadsfrist 25. august**

Det er framleis ledige plassar på fleire emne i høgskulepedagogikk. Søknadsfristen er 25. august og nytt av året er at også tilsette ved Høgskolen i Molde kan delta på emna. [Prodekan Silje Ims Lied](#), AHL, er fagleg ansvarleg for det høgskulepedagogiske tilbodet og sende fredag 12. august invitasjon til alle tilsette på Høgskulen i Volda med informasjon om ledige emne og datoar for samlingar. [Klikk her for å søke om opptak på emna på EVUweb på nettsidene våre.](#) [Les meir om utdanningsfagleg kompetanse.](#)

## Nytt om namn på HVO

### **Vi vil gjerne sjå deg: Legg inn bilde på nettsida di på [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)**

Det er mange tilsette som har teke til i stilling på HVO no i haust. Alle tilsette får automatisk ei personleg side på [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no). Alle tilsette blir med dette oppmoda til å legge inn bilde av seg sjølv på den personlege sida, så blir det lettare å bli kjent med mange nye ansikt. [Her er rettleiing til korleis ein skal oppdatere si personlege side.](#)

## Publisering og formidling



Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar og formidling i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon om ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert, og skriv gjerne også ei setning eller to om kva publiseringa handlar om. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin.](#)

Legg også ved lenke til publiseringa di.

## "Det norske samfunn" - med bidrag frå Høgskulen i Volda

[Professor Kåre Heggen](#), ASH, har skrive kapitlet om "Utdanning" i siste utgåve av standardverket "[Det norske samfunn](#)" som nett har kome med si 8. utgåve. Heggen har skrive kapitlet "Utdanning" saman med professor Håvard Helland (OsloMet) og forskar Anders Bakken (NOVA/OsloMet). Det nye kapitlet er nyskrive med nyaste tilgjengelege datagrunnlag og Heggen har med dei same medforfattarane som i førre utgåve for fire år sidan. [Les også intervju med Kåre Heggen frå 2017 om den førre utgåva.](#) Delar av bokverket er også på pensum på fleire studium på Høgskulen i Volda.

# Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

## Høgskuledirektør - søknadsfrist 22. august 2022

Ved Høgskulen i Volda er det ledig fast stilling som høgskuledirektør. Den nye direktøren tek til snarast råd. Høgskuledirektøren har saman med vald rektor ansvaret for den daglege leiinga av institusjonen og har styret for høgskulen som næraste overordna instans.

[Les meir om stillinga og send søknad på nettsida vår.](#)

## Møre og Romsdal fylke skal tilsette prosjektleiar for lærarutdanning i Kristiansund - Søknadsfristen 28. august 2022.

Møre og Romsdal fylkeskommune har [lyst ut ei prosjektleiarstilling som skal halde til ved Campus Kristiansund](#) og som blant anna skal arbeide for å utvikle lærarutdanning i Kristiansund i samarbeid med Høgskulen i Volda.

## **Førstekonsulentar i Studieadministrasjonen (vikariat) - søknadsfrist 29. august 2022**

Høgskulen i Volda har ledig to vikariat i 100 % stilling som førstekonsulent. Det eine har start snarast, det andre med ønske om start ca. 15. oktober 2022. Innhaldet i stillingane er i endring og den som blir tilsett vil få høve til å utforme stillinga i lag med studiedirektør og kollegaer i Studieadministrasjonen. Vi søker deg som kan handsame ulike forvaltningssaker som ligg til studieadministrasjonen. Det kan vere arbeid i samband med opptak og ulike saker knytt til studie- og eksamensgjennomføring, i tillegg til generell rådgjeving for studentar. Stillinga rapporterer til studiedirektøren.

[Les meir om stillingane og send søknad på nettsida vår.](#)

## **Økonomirådgjevar i Fellesadministrasjonen – søknadsfrist 31. august 2022**

Ved økonomiavdelinga i Fellesadministrasjonen ved Høgskulen i Volda er det ledig 100% fast stilling som økonomirådgjevar frå 1.11.22. Vi søker deg som har lyst til å vere ein del av eit godt fagmiljø, og har interesse og forståing for økonomi og økonomiske prosessar og er god på å bruke digitale løysingar. Du vil bidra inn eit aktivt miljø som har ansvaret for økonomistyringsprosessane og innkjøpsarbeidet ved høgskulen. Økonomiavdelinga har seks tilsette og har ansvar for den totale økonomiforvaltninga ved høgskulen. I tillegg har avdelinga ansvaret for innkjøpsprosessar i samarbeid med eigedomsavdelinga. Vi samarbeider tett med dei faglege avdelingane.

[Les meir om stillinga og send søknad på nettsida vår.](#)

## **Førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor i digital kompetanse - søknadsfrist 1. september 2022**

Ved Høgskulen i Volda, Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning, er det ledig ei fast stilling som førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor i digital kompetanse frå 1.1.2023. Stillinga er knytt til Institutt for digital kompetanse der 7 tilsette mellom anna underviser i nettstudium i digital kompetanse, i grunnskulelærarutdanninga samt har stor aktivitet knytt til desentralisert kompetanseutvikling i regionen (DEKOMP/REKOMP). Instituttet får også etterutdanningsoppdrag og vi forskar på og driv interne høgskulepedagogiske tilbod knytt til digital kompetanse.

[Les meir om stillinga og send søknad på nettsida vår.](#)

## **Medieingeniør til medieutdanninga i Volda - søknadsfrist 1. september 2022**

Avdeling for Mediefag ved Høgskulen i Volda har flytta inn i nytt mediebygg og treng fleire tilsette.

Vi utvidar no den tekniske staben og har omgåande ledig ei heil fast stilling som medieingeniør. Stillinga vil ligge under fellesadministrasjonen ved avdelinga.

Det medietekniske fagområdet er inne i ei rivande utvikling med nye løysingar for innhaldsproduksjon og publisering, og broadcast og IT smeltar meir og meir saman. Vi ønsker oss difor ein person som er opptatt av innovasjon og utvikling, men som også kan bidra godt inn mot dagens løysingar. Stillinga vil saman med den øvrige tekniske staben ha ansvar for utstyr og tekniske løysingar, rettleiing og support.

[Les meir om stillinga og send søknad på nettsida vår.](#)

## **Førsteamanuensis/ førstelektor/ høgskulelektor i medieproduksjon - søknadsfrist 12. september 2022**

Ved Høgskulen i Volda, Avdeling for mediefag, har vi ledig ei 100% fast stilling som førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor ved Institutt for film og animasjon, frå 2.1.2023. Dato for oppstart kan justerast etter avtale.

[Les meir om stillinga og send søknad på nettsida vår.](#)

# Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

## **Faglege arrangement på og ved HVO:**

### **Hausten 2022:**

- 16.8.2022: [Studiestart studieåret 2022-2023](#)
- 26.8.2022: [Disputas Nanna Natalia Jørgensen](#), HVO
- 4.-10.9.2022: [Kammermusikkfestivalen](#)
- 1.9.-3.9.2022: [ITAC Teaching Artist verdskonferanse \(SEANSE\)](#), Oslo
- 9.9.2022: [Disputas Synnøve H. Amdam](#), UiO
- 23.-27.9.2022: [Forskingsdagane 2022](#)
- 29.9.-2.10.2022: [Animation Volda 2022](#)
- 29.9.-30.9.2022: [Forskingsleiarprogram - første samling](#)
- 6.10.2022: [Fagdag BUP - konsekvensar av traume og stressrelaterte lidingar hjå born og unge](#), HVO
- 24.-26.10.2022: [Øyralangs](#)
- 27.-28.10.2022: [Barnehagekonferansen 2022](#), Ålesund
- 1.11.-2.11.2022: [Utdanningsdagane 2022](#)
- 4.11.2022: [Sinnemeistring hos vaksne](#), HVO
- 16.11.2022: 100-årsmarkering for Henrik Kaarstad-huset
- 18.11.2022: Avdelingsseminar ASH

## Våren 2023:

19.1.2023: Høgskuleforum ("Forum for det utvida høgskuleområdet"), HVO

8.2.2023: [Internasjonal dag 2023](#)

8.3.2023: Samskapings- og innovasjonskonferanse, HVO

9.3.2023: [Høgskulestyret](#)

3.-4.5.2023: Styreseminar og [møte i høgskulestyret](#)

15.6.2023: [Høgskulestyret](#) (siste i styreperioden)

## Faste lenker:

### LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

### REKTORBLOGGEN

16.8.2022: [Opningshelsing til nye studentar \(English\)](#)

10.8.2022: [Kven blir ny HVO-rector?](#)

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

### HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Finn-ein-forskar-på-HVO](#)

[Tiktok](#)

[Facebook](#)

[Twitter](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

### STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)  
[Nærnett](#)

## Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)

E-post: [postmottak@hivolda.no](mailto:postmottak@hivolda.no)

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)